

STRANGES STIFTELSE, KLOSTERGATEN 28, GBNR. 165/272 I BERGEN
KOMMUNE – FORSLAG TIL VEDTAK OM FREDING MED HEIMEL I LOV
OM KULTURMINNE § 15 JF. § 22

Vestland fylkeskommune legg fram følgjande fredingsforslag for Stranges
Stiftelse:

VEDTAK:


*Med heimel i lov om kulturminne (kml) av 9. juni 1978 nr. 50 § 15 jf. §
22, fredar Riksantikvaren Stranges Stiftelse, Klostergaten 28, gbnr.
165/272 i Bergen kommune.*

Omfanget av fredinga

Fredinga etter § 15 omfattar følgjande objekt:

- *Hovudbygning med uthusfløy, bygningsnr. 139861655
(Askeladden-ID 174313-1)*
- *Gardsplassen (Askeladden-ID 174313-2)*

*Fredinga omfattar eksteriøret og interiøret til bygningen og inkluderer
hovudelement som planløsning, materialbruk og overflatehandsaming
og detaljar som vindauge, dører, gerikter, listverk, eldstadar og fast
inventar.*



Formålet med fredinga

*Formålet med fredinga er å bevare Stranges Stiftelse som eit
arkitektonisk og kulturhistorisk viktig eksempel på ein sosial
institusjonsbygning frå 1700-talet. Det er vidare vesentleg å ta vare på*

kulturhistorisk verdifulle uttrykk for den historiske utviklinga til bygningen.

Fredinga av eksteriøret til bygningen skal sikre arkitekturen. Både hovudstrukturen i det arkitektoniske uttrykket og detaljeringa, så som fasadeløysing, opphavlege/eldre vindauge og dører, materialbruk og overflater, skal oppretthaldast.

Formålet er vidare å bevare rominndeling, bygningsdelar og overflater i dei delane av interiøret som er kulturhistorisk interessant. Fast inventar skal bevarast som ein integrert del av interiøret.

Fredingsføresegner

Fredingsføresegnene er utforma i samsvar med formålet med fredinga og gjeld i tillegg til føresegnene i kulturminnelova om vedtaksfreda kulturminne frå nyare tid.

- 1. Det er ikkje tillate å rive, skade eller flytte bygningen eller delar av den.*
- 2. Det er ikkje tillate å byggje om eksteriøret eller interiøret til bygningen. (Unntatt frå dette er eventuelle tilbakeføringar, jf. punkt 5.)*
- 3. Det er ikkje tillate å skifte ut bygningsselement eller materialar, endre overflater eller gjere anna arbeid ut over vanleg vedlikehald på eksteriøret, interiøret eller konstruksjonen til bygningen. (Unntatt frå dette er eventuelle tilbakeføringar, jf. punkt 5.).*
- 4. Alt vedlikehald og all istandsetting skal skje med materialar og metodar som er i tråd med eigenarten til bygningen og på ein måte som ikkje reduserer dei arkitektoniske og kulturhistoriske verdiane.*
- 5. Tilbakeføring til opphavleg eller tidlegare utsjånad og/eller konstruksjonar kan tillatast i særlege tilfelle så framti tiltaket kan gjerast på eit sikkert, dokumentert grunnlag og etter dispensasjon frå kulturminnestyresmaktene.*
- 6. Gardsplassen og gangpassasje til gate skal behaldast open.*

Følgjer av fredinga

Lovheimel

Når det gjeld handsaminga av freda hus og anlegg, viser vi til kulturminnelova §§ 15a, 16, 17 og 18, samt fredingsføresegnene over.

Arbeid som krev løyve etter plan- og bygningslova, må i tillegg leggjast fram for kommunale styresmakter. Ver merksam på at løyve etter kulturminnelova må liggje føre før arbeid i tråd med plan- og bygningslova kan setjast i verk.

Vedlikehald

Det er eigaren som har ansvaret for det jamne vedlikehaldet av freda bygningar og anlegg. Det grunnleggjende prinsippet for vedlikehald av freda bygningar er å ta vare på mest mogleg av dei opphavlege eller eldre bygningselementa og detaljane som kledning, vindauge, dører, listverk og overflatehandsaming. Vedlikehald av freda bygningar og anlegg skal så langt som råd er, skje i samsvar med opphavleg utføring, teknikk og materialbruk og elles i samsvar med fredingsføresegnene.

For meir informasjon om vedlikehald og forvaltning av freda bygningar og anlegg, viser vi til informasjonsblada til Riksantikvaren.

Dispensasjon

Fredinga medfører at det må søkjast om løyve/dispensasjon til å setje i gang alle typar tiltak som går ut over vanleg vedlikehald, jf. kulturminnelova § 15a. Søknad om løyve skal sendast fylkeskommunen, som avgjer om tiltaket kan iverksetjast, evt. på visse vilkår. Oppstår det tvil om kva som blir rekna som vanleg vedlikehald, skal fylkeskommunen sameleis kontaktast.

Økonomisk tilskot

Det er høve til å søkje fylkeskommunen om tilskot til vedlikehald og istandsettingsarbeid.

Dersom det etter § 15a blir gitt dispensasjon med vilkår som verkar fordyrande på arbeidet, skal det gjevast heilt eller delvis vederlag for utgiftsauken, jf § 15a andre ledd.

Fylkeskommunen kan gi opplysningar om frist for innsending av og krav til søknad.

Bakgrunn for fredingssaka

Fortidsminneforeningen, Bergen og Hordaland avdeling bad i brev av 26. oktober 2009 Hordaland fylkeskommune om å starta opp sak om formell freding av Stranges Stiftelse. Bakgrunnen var at inspeksjonen for Stranges stiftelse skreiv under ein fredingsavtale i 1975, og sidan har bygningen i praksis vore handsama som freda, både av eigaren og av kulturminnestyresmaktene.

Kort karakteristikk av kulturminnet

Stranges Stiftelse er ein tidlegare sosial institusjon for eldre kvinner, som ligg midt i eit tettbygd eldre bymiljø på Nordnes i Bergen sentrum, med fasade mot Klostergaten og nabohusa tett inntil på dei tre andre sidene. Institusjonen vart oppretta av rådmann Strange Jørgensen i 1609 og var i drift fram til 1972. På det meste romma stiftinga rundt 30 kvinner som ikkje lenger kunne forsørgja seg sjølve, og som her fekk fri bustad livet ut. Stranges Stiftelse var ein av fleire tilsvarande institusjonar, tidlegare kalla fattighus, som spela ei viktig rolle i sosialomsorga i dei norske byane i tidleg moderne tid.

Den ståande bygningen er reist i 1751 som den fjerde i rekkja på same tomte, og er ein lafta og bordkledd trebygning, om lag 13 m lang og 10,5 m brei. Den opphavlege hovudkonstruksjonen er bevart nesten uendra, og mange opphavlege

eller eldre detaljar er også i behold. Huset har ei særprega planløyising, som også er kjend frå andre sosiale institusjonar i Bergen frå same tid. Hovudrommet er ein høglofta sal som strekk seg frå gavl til gavl, og på langsiden ligg i alt 15 små sovekammer i to nivå, det øvste med tilkomst frå galleri langs sideveggene i salen. I første etasje på austsida er det tre litt større rom: gang, kjøkken med ei stor grue, og eit rom for styraren. Det arkitektoniske utstyret er stort sett enkelt, men òg med rikare utforma bygningsdelar som til dømes fleire seinbarokke fyllingsdører. Loftet har eit stort ope rom, omkransa av kott innunder dei skrå takflatene. Under den sørlege delen av huset er ein liten kjellar. Eksteriøret speglar planløyisinga, med to høge vindauge i midten av gavlveggene og mindre vindauge i to nivå på kvar side. Inngangsdøra står lengst ute til venstre på gatefasaden, som har ein høg gavl og detaljar i enkel sveitsarstil. På sørsida er ein liten gardsplass og eit vinkelforma uthustilbygg i ein etasje, av panelt standarverk og med pulttak.

For ei nærare skildring av kulturminnet viser vi til den vedlagte dokumentasjonen.

Fylkeskommunens vurdering av kulturminnet - grunngjeving for fredningsforslaget.

Stranges Stiftelse er kulturhistorisk og arkitektonisk verdifull som eit særst godt bevart døme på ein tidleg sosial institusjon. Stiftinga er ein karakteristisk representant for fattighusa for «verdige trengjande», eit viktig ledd i sosialomsorga i byane i tidleg moderne tid. Samtidig er Stranges Stiftelse, som ein institusjon for kvinner frå dei lågare sosiale laga i byen, nært knytt til ei samfunnsgruppe som har etterlate seg få markante kulturminne. Den kulturhistoriske verdien vert forsterka av stiftinga si særst lange, kontinuerlege historie, både i den noverande bygningen og i forløparane på same staden. Dette gjer Stranges Stiftelse til eit monument over meir enn 350 års sosialhistorie.

Den arkitektoniske verdien knyt seg særleg til den særprega utforminga og den høge bevaringsgraden. Planløyisinga har stor arkitekturhistorisk interesse som ein lokal variant av ein internasjonal bygningstype med røter i mellomalderen. Bygningen er med det både sjeldsynt og samstundes representativ for hospitalarkitekturen i eit felleseuropeisk perspektiv. Forutan dei mange opphavlege og eldre bygningsdelane er også yngre element, frå tida fram til nedlegginga i 1972, verdifulle som spor etter den over 200 år lange, samanhengande bruken som sosial institusjon.

Fortidsminneforeininga er eigar og forvaltar av bygningen. Bygningen vert i dag nytta som forsamlings- og selskapslokale, til kontorlokale og til kulturarrangement. Drift og vedlikehald vert basert på inntekter frå utleige og foreininga si verksemd. Foreininga ønskjer å bevare bygningen gjennom bruk. Fredinga er ikkje til hinder for små endringar som kan legge til rette for fortsatt bruk, det gjeld særleg eit føremålstenleg kjøkken og sanitæranlegg. Små endringar for å tilpassa kjøkken og sanitæranlegg kan sameinast med freding av bygningen dersom tiltaka gjerast med tilpassing til opphavsleg materialbruk og er reversible endringar.

Tilhøvet til naturmangfaldlova

Når kulturminneforvaltninga fattar vedtak, skal det samtidig vurderast om dette verkar inn på naturmangfaldet. Dette følgjer av lov om forvaltning av naturens

mangfald av 19. juni 2009 nr. 100 (naturmangfaldlova). §§ 8-12 i lova leggjast til grunn for vurderinga, jf. § 7.

Det er gjort søk i Artsdatabankens Artskart og Miljødirektoratets Naturbase for å skaffe fram naudsynt kunnskap for avgjerdsgrunnlaget.

Innafor den freda eigedomen eller det næraste området rundt er det ikkje registrert sårbare eller trua arter. Det er heller ikkje registrert andre særskilt verneverdige naturtypar eller naturområde. Ein finn at fredinga ikkje vil påverke naturmangfaldet i negativ retning.

Myndet til Riksantikvaren

Det følgjer av kulturminnelova § 15 jf. § 22 at departementet kan frede byggverk og anlegg eller delar av dei av kulturhistorisk eller arkitektonisk verdi. Mynde til å gjere vedtak om freding er delegert frå Miljøverndepartementet til Riksantikvaren jf. forskrift av 9. februar 1979 § 12 nr.1 om fagleg ansvarsfordeling mv etter kulturminnelova.

Lokalisering og eigedomstilhøve. Reguleringsmessig status

Stranges Stiftelse ligg ved Klostergaten på Klosteret i Bergen, midt i eit tettbygd eldre bystrok, og er eigd av Foreningen til norske fortidsminnesmerkers bevaring (Fortidsminneforeningen). I gjeldande reguleringsplan (*Bergenhus. Del av gnr 165, Nøstet – Verftet – Klosteret*), vedteken 1993, er heile planområdet regulert til spesialområde bevaring, og bygningen er avmerka som «Eksisterende bygning foreslått fredet, antikvarisk klasse A». Føresegnene seier m.a. at vesentlege bygningsmessige endringar berre kan tillatast i avgrensa omfang. Bygningar i klasse A som må rivast grunna brann eller annan skade, skal gjenoppbyggast med opphavleg utsjånad. Kommunedelplan Sentrum, vedteken 2001, har ikkje særskilte føresegner av antikvarisk art for område regulert til spesialområde bevaring, men viser til reguleringsplanane. I kommuneplanens arealdel 2018-2030, vedteken 2019, er Bergen sentrum definert som omsynssone for bevaring av kulturmiljø (H570). Her inngår Stranges stiftelse i delområde 24, *Trehusbebyggelsen Nordnes-Sydnes*.

Tilstand og økonomiske konsekvensar av freding

I 2015 vart overordna tilstandsgrad er vurdert av Vestland fylkeskommune til å vere TG 2. Ut frå gjeldande Norsk Standard EN-NS 16096 vil dette seie at bygningen har eit vesentleg avvik frå tilstand i høve til referansenivået. Avviket var den gang at taket var i dårleg stand, men taket vart tekka om i 2017 og er nå TG 1. Øvrige konstruksjonsdeler som vart tilstandsvurdert i 2015, vart vurdert til å vere TG1. Overordna tilstandsgrad i vart i 2020 vurdert til å vere TG 2 på grunn av mindre vesentlege avvik. Ein reknar ikkje med at det vil innebere vesentlege økonomiske meirkostnadar for staten å gjennomføre freding av Stanges Stiftelse.

Utgreiing om saksgang og innkomne merknader

Melding om oppstart av freding vart, i samsvar med kulturminnelova § 22 nr. 1 sendt eigaren og kommunen i brev av 23. september 2020. Samstundes vart dette kunngjort i avisene Bergens Tidende og Bergensavisen.

Det kom ikkje inn merknader til oppstartsvarselet.

Fylkeskommunen utforma deretter fredingsforslag, og dette vart i samsvar med kulturminnelova § 22 nr. 2 sendt på høyring til partane i saka 18. mars 2021. Samstundes vart det kunngjort i avisene Bergens Tidende, Bergensavisen og Norsk lysingsblad at fredingsforslaget var lagt ut til offentleg ettersyn i Bergen kommune, Vestland fylkeskommune og på fylkeskommunen sine nettsider.

Det vert gitt ein frist på seks veker frå kunngjeringsdagen til å uttale seg.

Vidare saksgang

Etter at høringsfristen er gått ut vert fredingsforslaget lagt fram for bystyret, saman med innkomne merknader. Etter handsaminga i bystyret gjer fylkeskommunen eventuelle endringar i fredingsforslaget på bakgrunn av høringsinnspela. Saka vert så oversendt Riksantikvaren, som fattar det endelege vedtaket om freding.

På bakgrunn av merknadene ved høyringane kan det verte gjort endringar i fredingsforslaget. Dersom Riksantikvaren ønskjer å gjere innskjerpande endringar, må saka til ny høyring før det kan gjerast vedtak.

Vedlegg: Fredingsdokumentasjon